

Pølsefest for å feire folketalsauke

02.02.2012



Kjersti og Inger ynskjer velkome til pølsefest

Det skortar ikkje på kreativiteten på SPAR. I morgen fredag ynskjer dei velkome til pølsefest for å markera at Uskedalen er ei bygd i sterkt vekst.

Folketalet auka med 33 i fjor og no er vi oppe i 1061. Det strekar under at det er triveleg å bu i bygda og at det er fristande å slå seg ned her. Ikkje minst er det triveleg å koma heimatt etter å ha vore vakk ei tid.



Bente, Thea og Toya (bikkja) trivs på Friheim

- Vi står klare med pølser og brød ved varmedisken allereie
når vi opnar klokka 8, lovar Kjersti Bøvre og Inger Myklebust
og dei lovar at alle skal få pølser og at alle skal bli mette-
Pølseserveringa vil pågå gjennom heile dagen, for det
er verkeleg verd å feira at vi er så mange.
Og fleire blir vi stadig. For å markera det møtte uskedalen.no i dag ein av
dei yngste lengst oppe i dalen. Det er Thea, som rundar 1 år neste
torsdag og som har Bente Miljeteig (27) og Eirik Ulvenes (29) som mor
og far. Som gledeleg mange andre kjem oså dei under 'kom heimatt-gruppa'.

Bente frå Friheim hadde ikkje problem med å få Eirik med heim og
4 dagar før julekvelden var dei på plass i det nyrestaurerte Gamlahuset.
Begge bur i passande pendlaravstand frå jobben då ho er sjukepleiar på
Husnestunet og han ineniør i SKL på Matre. No tek ho ekstravakter
men skal attende i full jobb etter svangerskapspermisjonen i august. Då
ho flytte heimatt hadde ho vore borte i 7 år, mellom anna i sjukepleierutdanning
på Stord.

- Godt å komma heimatt, seier Bente. Også på Kalvatræ nokre gode steinkast
lenger nede i dalen har eit ungt par etablert seg etter stor byggjejobb og
i det tilfellet har slekta kome heimatt!
Og det er ikkje lengje sidan den første unge familien kom heimatt i det same
området, så her blir den såkalla utkanten iferd med å verta
'restaurert' med ein pluss på 8 på berre nokre få år.
Fleire kjem nok etterkvart!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen